

## Visitaforedrag ved bispevisitas i Sogndal og Leikanger 24.–26. og 29. april 2018

Kjære kyrkjelydar!

Takk for flotte møte med kyrkjefolket og folkekyrkja her i Sogndal og Leikanger! Her har eg møtt ein stab og ei kyrkje som ikkje lar seg knekka av tragiske hendingar; brannen på Stedjetunet og tapet av ein kjær prest, Egon Askvik. Trass i tapa går ein vidare med tru og håp og planar for framtida.

Det har vore fine visitasdagar og eg har sett og høyrte at kyrkja står sterkt og er ein naturleg del av livet i bygdene. Det har vore gode møte med tilsette, råd og frivillige, og med lokalsamfunnet gjennom blant anna ungdomsskuleelevar, ordførarar og fylkesmannen. Det var svært interessant å få ein grundig omvising på Fosshaugane Campus og på høgskulen. Her fekk eg òg gleda av å halda foredrag for og snakka med barnehagelærar og studentar om samarbeidet mellom kyrkja og barnehagane i eit livssynsøpe samfunn. Eg fekk òg lov til å holde eit innlegg om «Klimaendringar i eit åndeleg perspektiv» på den nasjonale klimakonferansen som gjekk samtidig med visitasen.

Eg er òg takksam for ein god samtale med nokre i leiarskapen i forsamlinga Sogndal Indremisjon – SIM – om felles utfordringar for Guds rike på denne staden.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitaforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med fungerande prost Jermod Hausberg.

### *Gudsteneste*

Gudstenestetala er relativt stabile, men viser ein liten nedgang. Men når det gjeld gudstenestebesøk ligg Sogn og Fjordane på topp i landet, som dei gjer på dei fleste statistikkar, med 1,8 kyrkjebesøk per medlem. Folkekyrkja viser seg ved at folk er glade i kyrkja og sluttar opp om henne. Her høyrer de til, her er de kyrkjefolk. Dei fleste born vert døypte og konfirmasjonsdeltakinga er svært stor. Og når det skjer noko ekstra i kyrkja er frammøtet godt.

Alt dette er flott, men samtidig må vi løfta fram den vanlege gudstenesta der du kan gå for å gje Gud ære og takk, utan at det skjer noko særskilt.

Gudstenesta opnar opp for møtet med Gud. Her trua kan leva og få næring, og her vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng òg at evangeliet vert sagt til oss, vi treng å høyra det på nytt, å oppleve det på nytt.

Ikkje minst viktig er det at vi oppmuntrar kvarandre til å ta i bruk nattverdens gåve. Her vert evangeliet lagt i handa til den einskilde. Det er gledeleg at talet på nattverddeltakarar har gått markant opp dei siste åra. Det bør da heller ikkje vera nattverd sjeldnare enn på minst halvparten av gudstenestene.

Det er viktig å leggja til rette for at fleire kan kjenna seg heime i gudstenesta og kan få den gode vanen ved å gå regelmessig til gudsteneste. Det veit eg at de er opptekne av. Eg fekk sjå eit døme på dette da eg var med på «Salmar og kaffi» i Leikanger kyrkje, og eg veit at prestane og staben tenker kreativt om gudstenesta og har ein strategi for involvera folk.

Eg har òg fått høyra tre gode predikantar og to dyktige kyrkjemusikarar, og veit at de får noko igjen når de går til kyrkje. Det er grunn god nok, så gå til gudsteneste regelmessig. Og ta gjerne steget over til nabokyrkja når det ikkje er gudsteneste i di næraste kyrkje.

### *Trusopplæring*

Det som har skapt folkekyrkja og gjort oss til kyrkjefolk, er at borna i kvar generasjon har fått læra om Jesus og bli kjent med kyrkja si. Eg vil gje skryt til trusopplæringa her i Sogndal og Leikanger. Det er mange gode tiltak frå babysong til etter konfirmasjonen. Takk til dykk som står på: ein dugeleg trusopplærar og frivillige uløna medarbeidarar! De er med å bygga folkekyrkja vidare, og det er avgjerande for at det framleis skal vera kyrkjefolk her.

### *Konfirmant og ungdomsarbeid*

Her skjer mykje godt arbeid for ungdom. De har ein god ungdomsprest, og det er heile tre ungdomsklubbar som er i gang. Det er imponerande. To av desse starta opp i år. Det er òg bra at det er eit godt samarbeid med Indremisjonen i Sogndal og Kaupanger. Noko av det viktigaste for framtida til kyrkja er at vi klarar å halda kontakten med ungdomen etter konfirmasjonen.

Konfirmasjonsprosenten her er svært høg og det betyr at konfirmasjonen har

eit godt rykte. De har eit fint opplegg med 14 heimegrupper og gode medarbeidarar, både løna og uløna.

Men arbeidet er krevjande og det trengs støtte. Dette har de sett, og de veit at det er ein stor trong for meir administrativ hjelp til konfirmantarbeidet. Det må de så raskt som mogeleg få på plass, slik at ungdomspresten og trusopplærar kan bruka så mykje som muleg av tida si på direkte konfirmantarbeid.

### *Eittåringar og gjevarteneste*

På samrådsmøtet med alle sokneråda på onsdag kom det fram eit forslag om få eittåringar til Sogndal, det vil seia ungdom frå ein organisasjon som arbeidar i kyrkjelyden i eitt år. Det er ein svært god ide.

For å få dette til, må de få på plass ei fast gjevarteneste. Det trengs faste gjevarar som har mogelegheit og vilje til å gje ein avtalt sum kvar månad. Det kan skje ved avtalegiro så pengane listar seg stilt ut av kontoen utan at ein kanskje merker så mykje til det. Viss mange nok gjer t.d. eit par hundrelappar kvar månad, kan de få to eittåringar på plass. Tenk kva det kan få bety for dykkar eigne ungdomar. Det er ei god investering både for notida og æva.

Og uansett om det vert noko av ideen med eittåringar, treng de å få på plass ei gjevarteneste for å styrka arbeidet for barn og unge. Slike gåver er den normale måten å driva kyrkja på rundt i verda. No skal vi sjølv sagt vera takksame for alt vi får av stat og kommune, og ikkje gløyma å minna dei på kor viktig kyrkja er for eit godt lokalsamfunn. Men vi må også venna oss til sjølv å gje til kyrkjelydsarbeidet. Og prestane får i oppdrag å forkynna fram gjevargleda.

### *Diakoni og oppfølging av frivillige*

Det diakonale arbeidet er mangfaldig og når alle aldersgrupper med både babysong, internasjonalt dametreff, konfirmant- og eldrearbeid, for å nemna noko. De har både ein dugande diakon, fleire frivillige og eit felles diakoniutval for sokneråda som får til eit godt arbeid. Det er òg laga ein strategiplan for diakoni, og de er i ferd med laga ein handlingsplan.

I denne planen må de ta med oppfølging av dei frivillige uløna medarbeidarane. Det handlar om å finna folk, men òg om å rusta dei ut og ta vare på dei. Dei uløna medarbeidarane må følgjast opp, både dei som er med i diakonien, i

trusopplæringa og i ungdomsarbeidet. Dette skjer allereie, t.d. ved at de lagar fest for dei; men dette er så viktig at det må styrkast og forankrast i staben ved at nokon har eit særleg ansvar for ei systematisk oppfølging av desse.

### *Misjon*

Det er flott å høyra om misjonsengasjementet og at det enno er misjonsforeiningar i bygdene her. Misjon er å gje vidare den gode budskapen ein sjølv har fått, og det høyrer med til det å vera ein kyrkjelyd. Ein god måte å gjera det på, som når fleire enn dei som er i misjonsforeiningar, er at kyrkjelyden har ein misjonsavtale og støttar eit konkret misjonsprosjekt gjennom eit misjonsselskap. Difor vil eg be dei kyrkjelydane som ikkje har misjonsavtale om å vurderer det på nytt i soknerådet. Det går godt an at fleire kyrkjelydar har felles misjonsavtale. Kanskje Det norske misjonsselskap, som jo er synleg tilstade ved gjenbruksbutikken her i Sogndal, er eit naturleg val.

### *Samanslåing*

Det går mot samanslåing av kommunar og fellesråd. Her ligg ein mulighet for gevinst. Gjennom samanslåinga kan de få ein meir effektiv felles administrasjon, og frigjera meir ressursar til fyrstelinjetenesta. Her må de våge å ta naudsynte grep. Eg vil be alle fellesråda og dei dyktige administrativt tilsette om å drøfte korleis de kan frigjere ressursar til å byggje kyrkjelydane.

### *Kyrkjemusikk*

De er heldig som har to godt utdanna norske kantorar. Og at dei er dugande har eg fått oppleve her under visitasen. De er flott at de har eit godt samarbeid med kor og musikkliv. Dette må de byggja vidare ut, for slik kan de trekka fleire folk til kyrkja.

### *Til kommunen*

Til slutt vil eg takka kommunen for omtanke og pengar, og for at de ser at kyrkja er med på laget for å byggja eit godt lokalsamfunn for alle. Eg har to utfordringar til kommunane:

1. Eit kyrkjelydshus i Kaupanger vil bety mykje, ein treng ein samlingsstad for barn og ungdom og anna kyrkjelydsarbeid utanom kyrkja. Dette kan

de få til for ein rimeleg kostnad ved å byggje det i forlenginga av at det rehabiliterer kyrkjegardshuset som no står der.

2. Leikanger har kyrkjelydshus, men der treng ein eit *handicaptalett* ved kyrkja. Det må de få på plass dersom de verkeleg skal inkludera alle.

### *Takk*

Til slutt vil eg vil og takka for ein god visitas med mange gode opplevingar! Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst prestane, sokneråda, staben og kyrkjeverja skal ha takk for god tilrettelegging. Takk for ei oversikteleg visitemelding. Takk også til prosten som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen og er biskopens utstrakte arm til Sogndal og Leikanger når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som summerar opp denne visitasen. Om eit år vil eg så ha ei tilbakemelding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig - fordi det er der de høyrer til, og det er der de får mat for trua. Gå også til ei anna kyrkje enn den næraste.
- De må få til betre administrativ hjelp til konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste for ungdomsarbeidet, og gjerne ei eittåringsteneste. Forkynn fram gjevargleda!
- Lag ei systematisk oppfølging av dei frivillige uløna medarbeidarane som er forankra i staben.
- Misjon er ein del av det å vera kyrkje. Dei sokna som ikkje har, må vurderer om ein skal ha ein misjonsavtale, gjerne felles for fleire sokn.

Med desse utfordringane takkar eg for meg, og reiser frå Sogndal og Leikanger med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkjefolket og folkekyrkja her!

*Bjørgvin bispestol, 29. april 2018*

*Halvor Nordhaug*